

Møteinkalling

Utval: **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre**
Møtestad: Telefonmøte
Dato: 13.05.2016
Tidspunkt: 10:00

Viser til hasteinkalling til telefonmøte pr e-post den 9. mai, etter ønskje frå nestleiar Sven Flo.

Nasjonalparkforvaltaren ringer opp kvar enkelt person som ikkje har meldt forfall. Oppringinga vil gå til desse telefonnummera, dersom ikkje de melder om anna:

Einar Målsnes	90660283
Marius Dalin	
Venke Kollbotn	97777383
Oddmund Klakegg	99202661
Ivar Kvalen	95191829
Eline Orheim	41563847
Sven Flo	95529337
Karen Marie Hjelmeseter	91847736
Hanna Menes	99553864
Turid Vallestad	91141767
Vidar Sandal	94831201
Ragnhild Sæle	41633342
Marit Aakre Tennø	45471716
Jarle Aarvoll	90822420
Kari Synnøve Muri	99395983
Odd Atle Stegegjerdet	99459374

Eline Orheim har meldt forfall, hennas vara Jarle Aarvoll stiller opp til telefonmøtet. Dersom forvaltar ikkje får tak i enkelte styremedlem, prøver vi å ringe vararepresentanten i staden. Vi ber difor vararepresentantane også å lese gjennom sakspapira i tilfelle oppringing. Dersom det blir store tekniske utfordringar med telefonmøtet, så kan enkelte styremedlem gi tilbakemelding på saka via e-post.

Eventuelt fleire forfall må meldast snarast til Maria på tlf. 93 66 42 56 eller på e-post.

Møtet treng ikkje å ta lang tid.

Vel møtt!

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 15/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 16/16	Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 17/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - helikopterflyging i samband med innspeling av skifilm på utvalte fjelltoppar - Visit Nordfjord/Switchback entertainment		2016/1776
ST 18/16	Eventuelt		

67 *RGNMHQQLQJ DY LQQNDOOLQJ RJ GDJVRUGHQ

67 9DO DY HLWW VW\UHPHGOHP WLO n VNULYH XQGHU

Arkivsaksnr: 2016/1776-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 10.05.2016

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	17/16	13.05.2016

Jostedalsbreen nasjonalpark - helikopterflyging i samband med innspeling av skifilm på utvalte fjelltoppar - Visit Nordfjord/ Switchback entertainment

Innstilling frå forvaltaren

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Visit Nordfjord v/ Ann-Helen Blakset avslag på sin søknad på vegner av Switchback Entertainment om å bruke helikopter til lågtflyging og landing for filmproduksjon av Salomon Freeski TV, skifilm, på fjelltoppane Geitafjellhyrna, Storskredfjellet, Stryneskåla, Skåla, Tungefjellet, Skålefjellet og Lodalskåpa i Jostedalsbreen nasjonalpark.

Det vert ikkje gjeve dispensasjon fordi flyginga strid imot føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark. Lågtflyging og landing på dei nemnte fjelltoppane kan skape presedens for liknande filminnspelingar, og uthole verneforskrifta gjennom dispensasjonspraksisen i verneområdet.

Nasjonalparkstyret ønskjer likevel aktørar velkommen til nasjonalparken for å filme, men då med en driftsmetode som ikkje involverer motorisert ferdslse.


Saksopplysningar

Visit Nordfjord v/produktsjef Ann-Helen Blakset søker på vegner av filmproduksjonsselskapet Switchback Entertainment om dispensasjon for å bruke helikopter for lågtflyging og landing på høyalpine og utilgjengelige fjelltoppar i Stryn og potensielt Luster kommunar (Lodalskåpa ligg både i Stryn og Luster).

Frå søknaden: *Føremålet med prosjektet er å filme ein av verdas fremste skialpinistar og fjelloparar, Kilian Jornet, i hans forsøk på å gå heile strekninga frå Hundeidvika yst i Hjørundfjorden til Lodalskåpa på ski. Filmen skal bli ein episode i serien Salomon Freeski TV, produsert av Switchback Entertainment, som er eit Kanadisk filmselskap*

basert i Whistler, BC. Dei produserer blant anna kvart år Salomon Freeski TV (SFTV); filmar på 7-10 min frå ulike spektakulære skidestinasjonar rundt i heile verda. Filmane visast først og fremst på Internett og har omkring 1 mill. sjåarar. Denne gongen er hovudpersonen Kilian Jornet, verdas fremste skialpinist og fjelløpar. Han har mange tilhengrar rundt om i heile verda, og har ein stor tilhengerskare i sosiale medier. Kilian er frå Spania, men har nylig kjøpt seg hus i lag med sin svenske kjæraste i Måndalen, Romsdal. (...) Utfordringa er å gå på ski frå Hundeidvika ytst i Hjørundfjorden og heilt til Lodalskåpa i Stryn. Turen er på ca 12 mil og 10.000 høgdemeter, og Killian skal i lag med ein partnar bruke under 24 timer på turen. Dette er ingen ekstremtur når det gjeld tryggleik og skikøyring, og planen er å heile tida ta den enklaste og dermed tryggaste vegen. Filmen vil vise ein tur ingen andre har gått, i eit fantastisk landskap. Utøvaren går svært raskt på ski, og filmprodusenten er avhengige av bruk av helikopter for å forflytte seg slik at vi får filma dette eventyret.

Visit Nordfjord ønsker om flygeløyve for ein dag, 24 timer, i løpet av perioden 18.05.16 – 27.05.16, avhengig av vær- og føreforhald. Helikopteret skal frakte filmutstyr og personell til utvalte fjelltoppar. Fjella dei ønsker å lande på/ved er Rasmusfjellet og Staurinibba (utanfor nasjonalparken) og Geitafjellhyrna, Storskredfjellet, Stryneskåla, Skåla, Tungefjellet, Skålefjellet og Lodalskåpa i Jostedalsbreen nasjonalpark.



Dei blå prikkane illustrerer omrent kor

Visit Nordfjord ønsker landingsløyve. <http://fylkesatlas.no/>

Lovgrunnlag

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er (jf. verneforskrifta pkt. III):

- Å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- Å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- Å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Motorferdsel er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV,

4.1. Verneforskrifta opnar ikkje for at det kan bli gitt løyve til motorferdsel til filminnspeling. Søknaden må difor handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova, som erstattar den generelle dispensasjonsheimelen i verneforskrifta pkt. VI. I fylgje naturmangfaldlova § 48, fyrste avsnitt, kan forvaltningsstyresmakta gjere unntak frå eit verneverd tak dersom «*det ikke strider mot verneverd takets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*»

For at ein skal kunne gi ein dispensasjon etter nml. § 48 må tiltaket ikkje stride mot verneføremålet og ikkje påverke verneverdiene nemneverdig. Dersom desse to vilkåra er oppfylte er det opp til forvaltningsmyndet sitt skjønn innanfor rammene av alminneleg forvaltningsrettslige reglar og retningslinjer, og instruksar frå overordna mynde, å vurdere om det skal gis dispensasjon. Forvaltningsmyndet bør særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon, til dømes om det kan kome liknande søknadar på same grunnlag. Dispensasjon etter nml. § 48 kan ikkje brukast til å utvide den ramma som er trekt opp i verneverd taket.

At "tiltaket ikke skal påvirke verneverdiene nevneverdig" betyr i følgje dåverande Direktoratet for naturforvaltning sitt rundskriv (rev.2010), s.12 «*at dispensasjonsadgangen er snever. Det kan bare dispenseres i de tilfeller tiltaket vil ha begrenset virkning for verneverdiene. Det er m.a.o. i første rekke bagatellmessige inngrep eller forbigående forstyrrelser som er av stor betydning for søker sammenholdt med verneinteressene, som omfattes av bestemmelsen. Siktemålet er at verneforskriften ikke uthules gjennom omfattende dispensasjonspraksis. Bestemmelsen gir også klar anvisning på at hensynet til verneverdiene skal være overordnet f.eks. næringsinteresser. Dersom det er usikkerhet knyttet til virkningene et tiltak kan ha for naturmiljøet, bør blant annet føre-var-prinsippet tillegges stor vekt.*» (Forvaltar si understrekning.)

I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark, i kapittel 7.3.9, står fylgjande om motorisert ferdsel til den type føremål det er søkt om her:

«**h)** Transportbehov for mediaoppdrag skal handsamast etter den spesielle unntaksparagrafen i verneforskrifta (pkt. IV) og vil bli vurdert konkret. I utgangspunktet vil berre ikkje-kommersielle tiltak som utgjer særlege tilfelle og med innhald i tråd med føremålet med vern, som t.d. opplysningsfilmar om verneområdet få løyve. Reklamefilmar, spelefilmar o.l. bør leggjast andre stader utanfor nasjonalparken.»

Ved utøving av offentleg mynde skal også prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer for vedtaket, jf. naturmangfaldlova § 7.

Vurdering

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfoldlova
- Tilsvarande sakar frå eige og andre verneområde

Fråvær av støy er ein viktig del av kvaliteten i nasjonalparken, og dette ligg til grunn for dei reglane som gjeld for motorisert ferdsel. Samstundes føreset den tilskikta bruken og opplevinga av områda i ein del tilfelle at det vert gjeve høve til motorisert transport, t.d. i samband med vøling av bygningar, og til proviantering til stølshus og hytter som er

viktige for friluftslivet. Såleis er det føresett ei kritisk vurdering av kva som skal reknast som naudsynt motorferdsel, slik at den ønskja bruken av området kan halde fram, samstundes som omfanget av motorferdsel vert halde på eit lågt nivå.

Motorisert ferdsel bryt med inntrykket av eit område i «naturleg tilstand», som er del av verneføremålet for Jostedalsbreen nasjonalpark. Dette er ein viktig grunn til ei restriktiv haldning til motorisert transport i nasjonalparken. Det vil også verke uroande for utøvarar av friluftsliv. Motorisert ferdsel er difor i strid med føremålet med vernet, men nyttettransport kan få løyve. Omfanget og føremålet med aktiviteten avgjer om det kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Nasjonalparkstyret har handsama søknader om motorferdsle i samband med film og media tidlegare, men då har føremålet med filmen vore å formidle verdiar knytt til geologi og landskap (NRK-dokumentar om geologi) eller enkelt friluftsliv på ein stadsspesifikk plass(vandringsfilm om Skåla). Jostedalsbreen nasjonalparkstyre hadde ei sak til vurdering i september 2014, der styret gav avslag til filmproduksjonsselskapet Den siste skilling, der dei sökte om helikoptertransport i samband med innspeling av filmen Hevn, ved Flatbrehytta i nasjonalparken. Avgjersla i styret var einstemmig.

Forvaltaren har samla inn erfaringar frå andre verneområde. Både Breheimen nasjonalpark (med den internasjonale spelefilmen Into the White) og Nærøyfjorden landskapsvernombord (uklart kva tittel på filmen var) har hatt dialog med dei interesserte filmselskapa om det var absolutt naudsynt å filme inne i verneområda. Gjennom denne dialogen klarte dei å flytte den planlagde filminnspelinga til område utanfor vernegrensa, og det skapte ingen vidare utfordringar. I 2010 avslo Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ei söknad frå produksjonsselskapet bak filminga «Man vs Wild» ei söknad om motorisert ferdsla i Nærøyfjorden og Stølsheimen landskapsvernombord.

Den 14.10.2013 gjorde Klima- og miljødepartementet den endelege klagehandsaminga i ei sak som likner vår sak. Saka omhandla ei innspeling av eit reklameprodukt (samanliknbar kategori som Salomon Freeski TV) i Eikedalsvatnet landskapsvernombord. Arbeidsutvalet i styret gav løyve til motorisert ferdsla, men Fylkesmannen påklaga vedtaket. Nasjonalparkforvaltaren vil understreke at nasjonalpark har eit langt strengare vern enn landskapsvernombord.

Departementet skriv i si utgreiing:

Etter ei samla vurdering har departementet teke klagen til følgje og treft nytt vedtak i saka. Det fanst andre alternativ for tiltakshavar. Det er eit overordna mål å ikkje ha motorferdsel i utmark generelt, og i verneområde spesielt. Bruk av helikopter til produksjon av film og foto bør reserverast prosjekt som har tilknyting til verneområda og som kan bidra til å promotere friluftsliv og andre aktivitetar i samsvar med verneformålet, ikkje andre kommersielle produkt.
(...)

Departementet er derfor samd med klagar og direktoratet i at dispensasjon til slike tiltak på sikt kan medføre ei svekking av vernet. Det er ikkje i samsvar med verneformålet eller føremålet til naturmangfaldlova § 48 å bidra til dette gjennom å opne opp for ein serie vedtak med dispensasjon til mindre inngrep. Er det usikke om konsekvensane på lang sikt, skal ein leggje til grunn ei føre var-tilnærming. Dette talar etter departementet sitt syn for at arbeidsutvalet burde ha gjort ei meir utførlig vurdering av om vilkåra for å gje dispensasjon var oppfylt, samt effektane på verneverdiane i eit lengre perspektiv, jf. naturmangfaldlova § 48 fjerde ledd og § 10. (...)

Departementet viser til at det finns andre toppar utanfor verneområdet som i staden kan nyttast til innspeling av reklamefilm. Vidare legg departementet til grunn at det også hadde vore høve til å gjere filmopptak innanfor verneområdet, men utan bruk av helikopter. Det er eit overordna mål å redusere motorferdsela i utmark generelt og i verneområda spesielt. Omsynet til verneinteressene bør i den skjønsmessige vurderinga etter § 48 vege tyngre enn omsynet til kommersielle produkt. (...)

... dispensasjon til bruk av helikopter til produksjon av film og foto i verneområde, i den grad ein skal tillate det, bør reserverast prosjekt som har tilknyting til verneområda og som kan bidra til å promotere friluftsliv og andre aktivitetar i samsvar med verneformålet, ikkje andre kommersielle produkt.

Saka i si heilskap kan lesast her:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kld/tema/naturmangfold/saker-etter-naturmangfoldloven/2013/eikesdalsvatnet-landskapsvernomrade---2.html?id=742892>

I den aktuelle saka om Salomon Freeski TV, som skal filme den berømte spanjolen, kan nasjonalparkforvaltaren sjå at våre flotte naturområde ville potensielt bli presentert på ein fengande måte for eit publikum både i inn- og utland. Såleis kan søknaden føre til at fleire kjem til regionen for å bli kjent med naturen vår. Men skifilmen formidlar ikkje verneverdiane til nasjonalparken, og det er vanskeleg å sjå at den omsøkte filminga er avhengig av å skje i inne i nasjonalparken. Naturen er ein kulisse, og det er den verdensberømte Kilian Jornet som er hovudpersonen. Det er mange gode alternativ til flotte naturområde utanfor nasjonalparken. Det er når eit filmprogram har som formål å informere om geologi, landskapsformar, natur og naturhistorie, kulturminne, friluftsliv eller anna som er spesielt for Jostedalsbreen nasjonalpark at ein er avhengig av å filme innanfor nasjonalparken.

Når søknaden kjem på så kort varsel, og marknadsføringseffekten så potensielt stor, så stiller også nasjonalparkforvaltaren spørsmål om kvifor søknaden kjem på så kort varsel og må såleis handsamast på eit hasteinkalla ekstraordinært styremøte.

Nasjonalparkforvaltaren meiner med stor tryggheit at det vil komme mange liknande søknadar om helikoptertransport for opptak av skifilm i framtida. Nasjonalparkstyret har allereie ein presedens som avslår denne type søknadar. Dersom styret gjer løyve til denne, så vil det kunne føre til eit tydeleg auka trykk av motorisert ferdsle i verneområdet vårt.

Det er allment kjent kunnskap at motorferdsel kan virke negativt på dyreliv. I tillegg er støy frå motorisert ferdsel uroande på friluftslivet. For rovfugl er det, i følgje Fylkesmannen v/ Tore Larsen, påvist to hekkeplasser for kongeørn og ein sannsynleg hekkeplass for fjellvåk i dette aktuelle området. Vi kan heller ikkje sjå bort i frå at det kan vera fleire hekkeplassar som vi ikkje veit om. Fugl er sårbar i mai under hekke- og yngelperioden, og vil kunne bli uroa av den omsøkte helikoptertransporten. I tillegg er mai den mest populære perioden for lange skiturar på Jostedalsbreen, og det kan være fleire hundre menneske på breen på ein gang på dagar med godt vær. Forvaltaren har erfaring med at mange turgårar får øydelagt naturopplevinga si dersom dei opplever motorisert ferdsle på nært hald. Kunnskapsgrunnlaget (jf. naturmangfaldlova § 8) vurderast til å være tilstrekkelig.

Påverknaden på verneverdiane synes å være minimale for flyginga denne eine gongen, isolert sett. Men ei samla belastning skal vurderast ut i frå om løyve denne gongen kan skape presedens, og på den måten bidra til ei gradvis utholing av verneforskrifta gjennom dispensasjonspraksisen i verneområdet. Presedensen eit løyve kan føre til, tilseier at ein kan få ein større grad av motorisert ferdsel i nasjonalparken, som i sum kan bli alvorleg for naturmangfaldet (§ 9), og kan føre til ein større samla belastning på økosystemet (jf. naturmangfaldlova § 10).

Nasjonalparkforvaltaren vurderer at naturmangfaldlova si § 11 ikkje er relevant for saka, då framlegget til vedtak er avslag på søknaden. Som departementet skriv i si vurdering i saka om Eikedalsvatnet, så kan produksjonsselskapet sjølv sagt filme inne i nasjonalparken, men med ein driftsmetode utan bruk av motorisert ferdsle (naturmangfaldlova § 12).

For Jostedalsbreen er det kvart år spørsmål om å få bruke helikopter for spektakulære foto- og filmopptak til bruk i film/TV-produksjon og kommunikasjons- og PR prosjekt. På bakgrunn av dette meiner nasjonalparkforvaltaren at flyging som skal marknadsføre produkt primært der naturen og verneområdet er kulisse, skal leggjast utanfor verneområdet. Ein skifilm i bratte fjell har ikkje eit hovudbodskap om å formidle dei verneverdiane som Jostedalsbreen representerer. Det er stor grunn til å tro at dispensasjon til helikopterflyging for film- og fotoopptak for dette føremålet denne gongen, vil føre til fleire slike saker.

Nasjonalparkforvaltaren vurderer vilkåra i naturmangfaldlova § 48 om at tiltaket ikkje skal vere i strid med verneføremålet, og ikkje kunne påverke verneverdiane nemneverdig, til å ikkje vere oppfylte. Tiltaket er heller ikkje naudsynt av omsyn til sikkerheit eller av omsyn til vesentlege samfunnsinteresser. Etter nasjonalparkforvaltaren sitt syn bør i prinsippet låg flyging og landing for film og TV-produksjon, der føremålet er marknadsføring, og ikkje kunnskapsformidling knytt til verneverdiane, leggast utanom nasjonalparken. Nasjonalparkforvaltaren konkluderer difor med at søknaden må bli avslått.

67

(YHQWXHOW